



# MORGENSTEMNING

**Musikalveka er her, og elevane har flytta seg fra klasserommet til kulturhuset i Ørsta.**

TEKST OG FOTO: SARA ØEN LEIRVIK



08.30 på måndags morning er kulturhuset i Ørsta musestille. Kun nokre få personar er kome, men dei lagar ikkje særleg mykje lyd. Etter ein time er alle elevane og lærarane komt og dagen begynner.

Medan det fortsatt lysnar ute, førebur MU- og MK- elevane ved Volda VGS seg til generalprøva og musikal premieren. Frå redaksjonsrommet der MK- elevane held til, kan engasjementet til MU- elevane si oppvarming høyrast. Synginga deira klirrar gjennom veggane.

No veit alle at musikalveka er begynt.

## Morgontida

For mange er ikkje morgontida favoritt delen av dagen, men sidan læringa har kome ut av klasserommet har tida gått raskare enn vanleg.

Nokre av elevane er trøtte.

– Det er mykje arbeid og lite søvn, seier Ragna Hofset Kile som går 1MU. Ho fortel at dei må stå opp tidleg og vere på kulturhuset til seint på kvelden. Då ho kom til kulturhuset la ho frå seg tinga sine og prøvde å få eit par minutt til med søvn. Dessutan gler ho seg til å jobbe med musikalen.

## Overraskande

Overraskande nok var ein del ganske opplagte. Det gjaldt både lærarar og elevar. Jonas var trøtt då han vakna, men så snart han køyrde mot kulturhuset, vakna han. Jonas skulle nemleg ha morgensemne med MK- elevane, noko han alltid gledar seg til.

– Det er shocking, sa Oskar( 1MK) då han fortel at han ikkje var trøtt. Elevane starta dagen omtrent ein og ein halvtime seinare enn vanleg. Dette meiner Oskar er livsendrande. Vanlegvis når han kjem på skulen, er han trøtt og i dårleg humør sidan han må stå opp så tidleg. “Dette er noko skulen burde gjere oftare”, meiner Oskar.



MU-elevane øver inn nummeret "It won't be long"



Elevane har lenge sett fram til musikalveka, og no er den endeleg i gang for fullt. Elevane skal få kjenne på korleis det er å jobbe lenge strekk og under stress tidlege morgonar til seine kveldar. Dette er ei veke både elevane og lærarane vil hugse lenge.

## Tips for å vakne:

Ragna: Ta kaldt vatn i ansiktet eller stikk hovudet ut døra.

Jonas: Køyr til kulturhuset i Ørsta.

Oskar: Få mora di til å vekke deg. Ha noko som kan motivere deg, for eksempel ein buss du må rekke.



Nokre meiner at tida på morgonen er veldig rar og forvirrande. – Eg føler at ting går treigare, men tida går fortare enn vanleg, fortel læraren Jonas Otneim.

Oskar Markiewicz fra 1MK er enig i at ting går treigare om morgningen. Han meiner at spesielt skulearbeid blir påverka av denne stunda.